



LAB - nytt nr 3-2010

Endring i analysekommentarar for maskinell DIFF frå 1. november 2010 / Ny analysemaskin ved Førde sentralsjukehus

LMBB Førde tok i april 2010 i bruk analysemaskina CellDyn Sapphire til analysering av hematologiske prøver.

Maskina vart i første omgang tatt i bruk til analysering av celletelling.

Frå 1. november vil maskina også bli brukt til telling av reticulocytter og som hovedmaskin til analysering av maskinell DIFF-telling. Dette fører til nokre endringar.

- **Varsel om BLAST ved analysering av maskinell DIFF:**

Når analysemaskinene varslar om at prøva kan innehalde blastar, blir det lagt inn ein analysekommentar på LPK:

Maskinell diff-telling viser at prøva truleg inneheld BLASTAR.

Blodutstryk må undersøkast, dersom ukjent årsak.

Nyoppdaga/ukjende tilfeller med Blast > 5 % vil i tillegg bli varsla om pr. telefon.

Denne kommentaren vil erstatte kommentarane:

Maskinell diff viser BLAST 1+ (2,5 – 5 % blastar.) Blodutstryk bør undersøkast, dersom ukjent årsak.

Maskinell diff viser BLAST 2+ (5 – 10 % blastar). Blodutstryk må undersøkast, dersom ukjent årsak.

Maskinell diff viser BLAST 3+ (> 10 % blastar). Blodutstryk må undersøkast, dersom ukjent årsak.

- **Varsel om atypiske/abnormale lymfocytter:**

Når analysemaskina CellDyn Sapphire varslar om atypiske/abnormale lymfocytter, blir det lagt inn analysekommentar på LPK:

Maskinell diff-telling viser at prøva truleg inneheld ATYPISKE LYMFOCYTTAR. Blodutstryk bør undersøkast, dersom ukjent årsak.

- **LUC (Large Unstained Cells):**

Celldyn Sapphire rapporterer ikkje LUC.

Det vil bli rapportert 5-parts DIFF på maskinell DIFF-telling (#Nøytrofile, #Lymfocytter, #Monocytter, #Eosinofile, #Basofile).

Denne kommentaren vil difor gå ut:

Maskinell diff viser høg verdi for LUC. Blodutstryk bør undersøkast, dersom ukjent årsak.

Dersom maskinell DIFF-telling frå analysemaskina Advia 2120 blir rapportert, vil #LUC vil bli lagt til #Lymfocytter.

Ved **LUC > 5 %** blir det lagt inn ein kommentar:

Maskinell diff-telling viser at prøva inneheld > 5 % store, mononukleære celler. Blodutstryk bør undersøkast, dersom ukjent årsak.

- **Reticulocytter:**

Retic vil bli analysert med ny metode på Celldyn Sapphire. Referanseområdet vil ikkje bli endra.

- **TPK:**

Celldyn Sapphire har 3 ulike metodar for telling av TPK.

Alle prøver blir telt med 2 metodar og resultatata blir samanlikna.

Den 3. metoden blir brukt m.a. ved låg TPK og i ein del tilfeller der dei andre metodane gir ulike resultat. Dette er ein immunologisk metode, som gir nøyaktige resultat og betre kvalitet på målinga.

Førde 25. oktober 2010

Rune J. Ulvik
Overlege

Åse Reikvam
Avdelingssjef